



Rosebua på Løland blir sett på som meisterstykket til Lars Aslakson Trageton, og eit av dei viktige minna om rosemålinga i landet. Foto: Riksantikvaren

Informasjon

Kompetansemål:

Beskrive mangfaldet i klestradisjonar eller gjenstandar, inkludert samiske, og lage eit produkt med inspirasjon frå kulturarv.

Tidsbruk:

1-2 Skuletimar

Trinn:

Kan tilpassast 4-7 trinn.

Materiell:

Museet tar med emne, måling og nokre døme på gjenstandar med rosemåling.

Rosemåling

Sjølvaste Lars Aslak Trageton kjem vandrane til skulen etter å ha slitt seg ut med å måle ferdig rosebua på Løland.

Han har funne opp ein heilt spesiell type rosemåling og nå treng han ein kaffitår og ein pust i bakken før han besøker ein familie i nærleiken som ynskjer å få målt ei bolle dei har arva. Folk liker å pynte tinga dei eiger - om dei har råd til det.

Han har med seg penslar, måling og emne å mala på sånn at dokker kan få prøvd det ut!

Flyt

Førarbeid

Skulen får levert **ein undringskoffert**. I kofferten ligger det gamle gjenstandar av ymse slag. Vedlagt er det og eit aktivitetshefte med forslag til aktivitetar som prøver å dra ut elevanes forkunnskap og stimulere til undring, utforsking, leik og kreativ refleksjon.

Kurs i Rosemåling

30 min – Elevane får ei teorioppgåve kor dei skal samarbeide og tenke kritisk for å pare forskjellige bilder med rett beskriving. Oppgåva gjer elevane bevisste på dei ulike formane, motiva, fargebruken og stilartane av rosemåling. Han gjer dei og bevisste på forskjellige språklege uttrykk som er viktige når ein skal snakke om rosemåling.

90 min – Kurs i rosemaling. Kurset tar føre seg prosessen fram til ei rose og har fire steg.

- A) Teikning av forskjellige roser på papir.
- B) Grunning av emne.
- C) Overføring av motiv på tre med kritt eller blyant.
- D) Velje seg ut fargar og male ei rose.

Forslag til Etterarbeid

- Lage ei vandreutstilling som viser elevane sitt produkt og kunnskap om rosemåling som tradisjon.
- Besøke målarstova i Håland for dypare forankring av fagstoffet.
- Besøke rosebua i Vanvik for dypare forankring av fagstoffet, og for å oppleve eit rosemålt rom av nasjonal verdi.